

Til medlemskommunane i LNK

Januar 2018

## Tilbod om På saklista-kurs

Styret i LNK har vedteke at alle medlemene skal få tilbod om gratis dagars "På saklista"-kurs. Kurset kostar til vanleg kr 27 000,- pluss reise og opphald for kurshaldarane. Ein samarbeidsavtale med Fagforbundet gjer det mogeleg for LNK å dekkja desse kostnadane.

Bakgrunnen for styrevedtaket er at LNK får inn mange meldingar frå medlemmer om at det er eit stort og udekkja behov for norskopplæring i kommunane. Tilbodet om gratis kurs gjekk for første gong ut til medlemmene i 2010. Mange kommunar har nytta tilbodet, og både desse og nye kommunar har høve til å få kurs for sine tilsette.

Høgskulen på Vestlandet er engasjert av LNK til å ha det faglege og administrative ansvaret for På saklista-kursa.

Føremålet med kursa er at deltakarane skal bli betre i å skriva godt og rett. Det vert lagt vekt på klart språk i kommunal saksbehandling. Kurshaldaren kartlegg kva problem deltakarane slit med ved at dei leverer døme frå arbeidet sitt på førehand. Dette vert utgangspunktet for undervisninga.

Talet på kursdeltakarar skal liggja mellom 12 og 18. Det er viktig at leiarane deltek saman med saksbehandlarane. Tidspunktet vert avtalt mellom medlemskommunen, høgskulen og kurshaldaren i kvart enkelt tilfelle. Kommunen sørgjer for kurslokale.

Kursboka er På saklista. Språk og saksbehandling på papir og nett. Forfattar er [Jan Olav Fretland](#), dosent i norsk ved Høgskulen på Vestlandet. Boka kostar for tida kr 259,- per stk., og kommunen sørgjer for at denne er på plass til kurset byrjar.

Ta kontakt med høgskulen si oppdragsseining i Sogndal når de er klare for å planleggja kurs. Bruk e-postadressa [SOG-oppdrag@hvl.no](mailto:SOG-oppdrag@hvl.no), eller ring Tone Skjerdal på telefon 57676345.

Med helsing

Vidar Høviskeland, sign.  
Landssamanslutninga av nynorskkommunar  
[www.lnk.no](http://www.lnk.no)

Tone Skjerdal, sign.  
Høgskulen på Vestlandet  
[www.hvl.no](http://www.hvl.no)